



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1580 - 23/25057

Saksbehandlar:
Therese Lyngbo Iversen
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:
10.11.2023

Oversending av dispensasjonsvedtak til klagevurdering - gbnr 21/5 fnr. 7 - Søknad om dispensasjon for oppretting av ny grunneigedom ved innløyning av festetomt

Eigedom: Gbnr: 21/5 fnr. 7
Tiltak: Innløyning av festetomt

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplan føresegn 1.2 for oppretting av ny grunneigedom ved innløyning av festetomt på gnr. 21 bnr. 5 bnr. 7. Arealet er opplyst å vere på om lag 1 717 m².

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som fritidsbustad-område.

Tiltaket krev dispensasjon frå plankravet i kommuneplanføresegn 1.2.

Handsaming

Saka vart handsama av Osterøy kommune den 10.11.2023 saknr. 329/23, der følgjande vedtak vart fatta:

"Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankrav i kommuneplanføresegn 1.2, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-9 nr. 1 for oppretting av ny grunneigedom på om lag 1 717 m² ved innløyning av festetomta gnr. 21 bnr. 5 fnr. 7.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Therese Lyngbo Iversen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gbnr 21/5 fnr. 7 Hakanes - Søknad om oppretting av ny grunneigedom ved innløyising av festetomt - Vedtak
Søknad om dispensasjon
21-5 fnr. 7 Plan 1-5000
21-5 fnr. 7 Plan 1-1000
Situasjonskart (L)(779863)
Søknad om løyve til tiltak
21-5 fnr. 7 Ortofoto 1-1000
21-5 fnr. 7 Ortofoto 1-5000

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER